

Info til heimane

Julegudsteneste for Austebygd skule i Emigrantkyrkja



Torsdag 15. desember er det julegudsteneste i Emigrantkyrkja - kl. 8.15

Syner til tidlegare informasjon om julegudsteneste den 15. desember. Det er no klart at me også i får ha gudstenesta i Emigrantkyrkja, slik me pleier. Det er me svært glade for!

Gudstenesta den 15. desember vert for elevane på skulen. Presten har fredag 9. desember invitert barnehagen til ei eiga framsyning i Emigrantkyrkja,. Her får dei sjå eit julespel tilpassa si aldersgruppe, om dei tre visemennene på vegen til stallen.

Torsdag 15. desember køyrer personalet til kyrkja kl. 08.00. Dei tek med seg dei borna som er på morgon-SFO, og andre elevar som eventuelt har kome på skulen før kl.08.00.

Fint om foreldre som til vanleg køyrer borna sine til skulen om morgonen, denne dagen køyrer dei direkte til Emigrantkyrkja.

Dei elevane som kjem med skulebussen, går av ved busstoppet nær kyrkja. Ein i personalet vil stå i kryssen der, når bussen kjem..

Foreldre som ønskjer å vera med på julegudstenesta er hjarteleg velkomne til det!

Etter gudstenesta køyrer personalet borna tilbake til skulen. Dersom det også er foreldre som har høve til å køyra, er me takksame for det.

Me vil takka alle foreldra for godt samarbeid

i året som er gått og ønskjer alle

EI RIKTIG GOD JUL OG EIT GODT NYTTTÅR!

Med venleg helsing

Torunn Tolleshaug Hovden

og alle andre i personalet ved Austebygd skule